C G C C/E F C/E Dm⁷ G

På ord-et ditt, Herr-e ber eg kropp-en min fram. Eit tem-pel til ær - e for deg. Lys
bord-et ditt, Herr-e går vi mang - e i flokk. Ei rørs - le i følgj - e med deg. Ditt
kor-et ditt, Herr-e står Guds lid - and - e kropp. Vi lytt - ar til song-en frå Han. Om

5 C G/B Gm/Bb A⁷ Dm G(sus4) F/C C

opp kvart eit rom, ta miskuld og mi skam. For - ny all - e lemm-er i meg Syng
hus skal bli fullt! Her er rom mer enn nok! Kom til fest, rop-ar vi på vår veg.
grens - e - laus tru, om u - ku - e - leg håp. Om den kjær-leik-ens sig - er du vann.

[Refr.]

9 C G C C/E F C/E Dm⁷ G C G

tru! Hall-e-lu-ja, hall-e - lu-ja. Syng håp-et frå heil-ag-e ord. Til kjær-leik-en femn-er kvar

14 Am⁷ F C/G G Am Am/G

ein som_ bur på ei grens - e - laus himm - el - jord På ei

17 F G(sus4) [1. og 3. F/C C] [2. F/C C]

grens - e - laus himm - el - jord Frå jord Ein

[Bro]

20 G G/B C A A/C# Dm C/E F Dm G(sus4)

kropp til di ær-e Sett fri til å lev-a for draum-en du sådd - e ein gong:

27 E⁷/G# Am Dm C/E

Ei jord ut - an smert - er Eit folk ut - an

31 F C/G G(sus4) G F/C C

grens - er Ein morg - on med jubl - and - e song

I

Copyright © Schøld



Vidar Mæland Bakke er fungerende sokneprest i Gand menighet i Sandnes og medlem av representantskapet i Stefanusalliansen.

«Grenselaus himmeljord» ble skrevet til Det Norske Misjonsselskap sin generalforsamling i 2017.



I ei fellesgudsteneste for alle dei tre delane av Antalya Evangelical Church i juni blei 21 nye truande døypte. Foto: Antalya Evangelical Church

Fleire døypte — og vekst i hatprat

To protestantiske kyrkjelydar i Tyrkia opplevde sjokket i fjor: Det vart skote mot bygga deira. Det var og vekst i hatefulle verbale angrep.

TEKST: JOHANNES MORKEN

■ **Årsrapporten for 2024** frå Alliansen av protestantiske kyrkjer i Tyrkia (TEK) summerer opp brot på menneskerettane for dei 214 små og store protestantiske fellesskapa i landet.

Dei fleste som er med i protestantiske kyrkjer, er konvertittar frå muslimsk bakgrunn. Nye søkjer kyrkjene, mange blir døypte. Men kyrkjene opplever motstand, ikkje minst frå ytterleggåande muslimar.

Skot mot kyrkjer

Om kvelden den 20. januar i fjor vart det losna skot mot ei kyrkje i byen Eskisehir, mellom Istanbul og hovudstaden Ankara. Bygget var tomt, ingen vart skadde. Politiet har ikkje vilja etterforska.

På nyttårskvelden vart det skote frå ein bil mot eit kyrkjebygg i Cekmekoy aust for Istanbul. Mannen som skaut, gjekk etterpå verbalt til angrep på kristne som feira nyttår. Han påstod at dei «hjernevaska den muslimske ungdommen vår». Mannen brølte at dei kristne var «vantruande» og «ville hamna i helvete».

Tre andre kyrkjer opplevde innbrottsforsøk eller andre fysiske angrep: Eit nytestamente vart sett fyr på. Eit bygg brukt til matutdeling vart påført skader.

«Religiøs plikt å drepa»

Fleire kyrkjelydar og enkeltmenneske opplevde grove, hatefulle trugsmål – både ansikt til ansikt og over telefon. Den 28. november dukka to menn opp ved ein bokstand utanfor ei kyrkje i storbyen Izmir. Ein av dei sa: «Kvifor vert de ikkje drepne av lokale muslimar?»

Sidan 2019 har svært mange utanlandske kristne blitt kasta ut av Tyrkia. Fram til sommaren 2025 er det kjent at kring 170 har fått N82-kodar.

Ni utlendingar som gjekk til Konstitusjonsdomstolen for å få koden N82 omgjort, fekk sakene avviste i juni i fjor. Men domstolen offentliggjorde namna deira. I ulike mediekkanalar vart dei ni skulda for å vera «misjonærar» og «fiendar av staten». I sosiale media var det somme som kravde dødsstraff, andre skreiv at det var ei religiøs plikt å drepa dei ni.

Hatprat

Det største omfanget av hatprat kjem via sosiale media. I nokre tilfelle fører hatprat til fysiske angrep, konstaterer rapporten.

– Sjølv om saker vert registrerte hos politiet, slepp dei ansvarlege unna utan straff. Angrep på kristne og andre minoritetsgrupper skaper uro, heiter det.



Det største omfanget av hatprat kjem via sosiale media.

Ei protestantisk forsamling – i Malatya denne gongen – vart utsett for forsøk på å verva kristne som spionar, mot betaling. Dei skulle fortelja det hemmelege politiet kva som skjer i kyrkja deira. Dei avslo.

Blir ikkje invitert

Også i 2024 hadde fleire kyrkjer godt samarbeid med lokale styresmakter. Det gjeld til dømes Antalya Evangelical Church, som Stefanusalliansen i ei årrekke har støtta. Men protestantiske kyrkjer blir aldri inviterte til dialog på nasjonalt nivå der andre trussamfunn blir invitert.

– Vi etterlyser god dialog og kommunikasjon på alle nivå med det offentlege Tyrkia, heiter det i rapporten. ■

Les meir

På nettsida vår www.stefanus.no kan du finna heile rapporten frå TEK.

Vi fikk se 21 bli døpt

Jeg fikk muligheten til å reise, sammen med mannen min Bjørn Runar, til Stefanusalliansens gode partner, menigheten i Antalya i Tyrkia. Vi fikk minner for livet.

TEKST: VIBEKE NES, GIVERKONSULENT

■ **Hovedpastor Ramazan** har jeg hatt gleden av å treffe i Norge. Denne gangen fikk vi møte menneskene bak historiene og tallene vi ofte hører om.

Vi ble møtt med gjestfrihet og sterke historier. Det var som å oppleve litt av Apostlenes gjerninger. Vi fikk høre om muslimer som hadde hatt drømmer fra Gud. En ble bedt med til frelse mens vi ventet på at vi skulle spise middag med pastor Özgür.

Vi møtte mennesker som etter sitt første møte med menigheten var begeistret over kjærligheten og gleden de hadde opplevd.

Vi fikk være med på en fellesgudstjeneste med de tre menighetene som utgjør Antalya Evangelical Church. Foran en fullsatt kirke ble 21 nye troende døpt – to flere enn vi visste om på forhånd.

De fleste av de døypte er unge, mange er studenter. De risikerer motstand fra familien, dårligere karakterer og jobber. I mange miljøer er det stor mistenksomhet mot muslimer som blir kristne.

Nå som mange vestlige kristne som har hatt lederansvar, er kastet ut av landet, ber menigheten oss be for lederne og for opplæring av nye. De ber om visdom og styrke. De ber oss be for de døypte! Lederne er allerede slitne, men vil likevel fortsette å invitere nye inn i fellesskapet. ■



Dennis Petri i Interational Institute for Religious Freedom er redd Donald Trump skadar kampen for trusfridom.

Foto: Johannes Morken

‘GJORT TIL EIT POLITISK VÅPEN’

Han er djupt uroleg for at kampen for trusfridom blir «kapra av krefter som brukar det som ideologisk våpen» for kristen nasjonalisme.

INTERVJU: JOHANNES MORKEN

■ – **Trusfridom er ein menneskerett** for alle, ikkje eit vern for berre kristne. Men Trump-administrasjonen og andre aktørar har gjort religionsfridom til eit politisk våpen for å skaffa fordelar til eiga gruppe. Det kan gjera meir skade enn gagn, seier Dennis Petri til Magasinet Stefanus.

Han er direktør i International Institute for Religious Freedom, med kontor i Costa Rica. Petri seier at kristen nasjonalisme ikkje er så omfattande som mange sekulære kritikarar hevdar.

– Det er like fullt eit veksande problem at religionsfridom vert oppfatta som noko som er knytt til kristen nasjonalisme. Dette gjer det vanskelegare for til dømes muslimar, hinduar og jødar å stola på politisk arbeid for religionsfridom, seier Petri.

Jesus og det frie valet

Han håpar at «vi kan vinna tilbake omgrepet trusfridom som ein rett for alle».

– I særleg grad må vi kristne få fram at alle må få bestemma si eiga tru. Vi trur at det å følgja Jesus er eit val som menneske berre kan ta av eigen fri vilje, seier Petri.

President Donald Trump har oppretta ein eigen kommisjon for trusfridom i USA. Petri seier det er bra at det er folk frå ulike religionar med.

– Eg håpar kommisjonen blir uavhengig. Men eg er uroleg for at den ikkje kjem til å verta til hjelp.

«Kristne ikkje forfølgde i USA»

Han er klar på at ein mann som Eric Metaxas, «ein høgrøysta konservativ», slett ikkje er representativ for kristne i USA. Han er redd kommisjonen blir brukt som støtte for «ein konservativ agenda som hevdar at kristne verdiar er under press».

– Ja, det er liberale grupper som har ei rigid oppfatning av sekularisme og som meiner at det ikkje skal vera offentlege uttrykk for kristen tru. Vi skal ikkje ignorera desse, men heller ikkje overdriva kor sterke dei er. Kristne blir ikkje forfølgde i USA, seier Petri.

Trump har i tillegg sett ned ei arbeidsgruppe eller ein innsatsstyrke («task force») under Justisdepartementet. Gruppa skal kjempa mot «ei antikristen slagside» i USA.

Magasinet Christianity Today har henta fram tal frå det føderale politiet FBI som viser at jødar oftast er blitt utsette for religiøs hatkriminalitet i USA. Deretter kjem

muslimar. Også sikhar opplever meir hatkriminalitet enn kristne. Desse tre gruppene utgjer til saman ein mykje mindre del av folket enn kristne.

Nasjonalistane Trump og Modi

Petri er redd for at innsatsstyrken vil «forsterka misforståinga om utbreidd aggresjon mot kristne».

– Ein slik påstand svekkjer dessutan søkjelyset på den verkelege forfølginga kristne vert ramma av i andre land, meiner han. Eit av landa er India.

– Prinsipielt er det ingen stor skilnad mellom Modis hindunasjonalistiske agenda for India og Trumps kristen-nasjonalistiske agenda for USA. Men medan Modis støtte-troppar er valdelege, er Trumps støttetroppar stort sett ikkje det.

Petri ser også politiske leiarar i Latin



Eg håpar framleis vi kan vinna tilbake omgrepet trusfridom som ein rett for alle.

Dennis Petri

Amerika som i «aukande grad brukar trusfridom berre for å skaffa fleire veljarar og fordelar til eiga gruppe».

– Det skadar kampen for trusfridom, åtvarar Petri.

Kulturkrig og militær krig

Han er også uroleg for at polarisert strid om seksualetikk, kjønnsideologi, abort og LHBT-rettar svekkjer kampen for trusfridom som rett for alle. Petri seier at progressive dreg seg unna fordi dei assosierer trusfridom med kamp for konservative synspunkt i verdisaker.

– Medan denne kulturkrigen blir utkjempa i USA og andre land, er forsvar for «tradisjonelle familieverdiar» blitt tryggingsspolitikk i Russland. President Putin og patriark Kirill brukar utviklinga i Vest for å legitimera den blodige krigen mot Ukraina.

– *Kva følgjer har dette for kampen for trusfridom?*

– Putin seier av og til ting som er sanne, utan at vi støttar handlingane hans. Forsvar for tradisjonelle familieverdiar er ingen gyldig grunn for militære intervensjonar, seier Petri og held fram: →



Dennis Petri reagerer sterkt på at hjelp til jesidiane, som overlevde brutaliteten til IS i 2014, er kutta i Trumps kamp mot «sløsing av offentlege midlar». Foto: Johannes Morken



– At radikale sekularistar i Vest ønskjer å forby religion i det offentlege rommet og at LHBT-aktivistar kallar konservative ytringar i det offentlege for hatprat, er eit reelt problem. Putin ser dette. Men eg trur altså ikkje dette er ein stor trussel, rett og slett fordi desse gruppene ikkje er så sterke som mange trur, og fordi konservative kristne har klart å forsvare seg.

Bistandskutt rammar forfølgde

Petri seier at Trumps harde kutt i internasjonal bistand også rammar forfølgde og fordrivne religiøse minoritetar. Program for jesidiane i Irak – som overlevde folkemordet til IS – vart råka.

– Hadde religionsfridom vore ein verkeleg prioritet for Trump, ville slike program vore verna og ikkje blitt øydelagde av kutt som er grunngitt med kamp mot sløsing av offentlege midlar.

Stille diplomati

Petri meiner Trumps diplomati ofte handlar om høgprofilerte intervensjonar som kampanjen for å få frigitt den amerikanske pastoren Andrew Brunson i 2018.

Brunson, som hadde budd og arbeidd i Tyrkia i 23 år, vart arrestert i 2016 og tiltalt for spionasje og band til terror. Advokaten påviste at skuldingane var grunnlause, og viktige «vitne» trekte seg då saka kom til domstolen.

Trump gjekk personleg tungt inn i presset mot Tyrkia. Brunson blei sett fri i oktober 2018.

– Frigjevinga vart feira som ein siger for trusfridommen. Men Trumps aggressive kampanje kan ha provosert fram forverra restriksjonar for kristne og andre minoritetar i Tyrkia. Presset var audmjukande for Tyrkia. Konsekvensane var i alle fall ille. I det stille byrja president Erdogan å deportera misjonærar. Sidan 2019 er minst 170 deporterte, saman med mange familiedlemmer, seier Petri.

– Brunson risikerte 35 år i fengsel. Kunne saka vore handtert annleis?

– Eg trur meir stille diplomati ville vore betre. Offentleg kritikk av regjeringar i menneskerettssaker har sin plass, men religionsfridom blir ikkje sikra gjennom å mobba utanlandske regjeringar. Mange amerikanske regjeringar, inkludert Trumps første, har verdsett



Trusfridommen er i global tilbakegang. Forsøk på å stoppa trenden med enkle løysingar har feila.

Dennis Petri

” Trumps aggressive kampanje kan ha provosert fram forverra restriksjonar for kristne og andre minoritetar.

Dennis Petri

kortsiktige singlar som å få sett fri fangar. I mellomtida har religionsfridommen erodert gjennom systemisk diskriminering, nasjonalistiske rørsler og autoritære regjeringar som undertrykkjer minoritetar og deira tru og livssyn, seier Petri.

Ser få resultat

Han etterlyser klokt diplomati og politikk som adresserer dei verkelege årsakene til at religiøse minoritetar vert undertrykte og forfølgde.

USA vedtok i 1998 ei eiga lov om kamp for internasjonal trusfridom. Pengebruken har auka.

– Trass i auka politisk og diplomatisk innsats under både demokratiske og republikanske presidentar, er trusfridommen i global tilbakegang. Forsøk på å stoppa tilbakegangen med enkle løysingar har feila. Ein grunn kan vera at religionsfridom ofte blir handtert som eit ideologisk spørsmål.

Petri, som sjølv arbeider med trusfridom og sosioøkonomisk utvikling, slår fast at trusfridom bør vera ein integrert del av internasjonal utviklingshjelp, ikkje berre noko ein «kryssar av på ei sjekkliste».

– Når det humanitære arbeidet til trusbaserte organisasjonar blir hindra, er det like mykje eit brot på trusfridommen som når folk ikkje har tilgang til ein bibel eller eit teologisk seminar, seier Petri. ■



Ein huseigar i Virginia i USA markerte på denne måten støtten til Donald Trump i valkampen i 2020.

Foto: Shutterstock



Aleksandr Khmelyov vart bøtelagd og truga med straff.

Foto: Artem Leshko (RFE/RL Current Time)

Bøtelagt for krigskritikk

RUSSLAND: Den katolske presten Aleksandr Khmelyov reiste frå Russland den 11. juli. Han var då bøtelagd av ein domstol i St. Petersburg for ei krigskritisk preike. Presset auka då ulike kanalar på Telegram, truleg knytt til Putins apparat, hevda at etterforskarar planla både ytterlegare administrative reaksjonar og straffesak mot presten, kanskje med påstand om at han planla «å danna ein ekstremist-organisasjon», melder Forum 18 News Service.

Politi-razzia i kyrkje

VIETNAM: Ei katolsk huskyrkje i Thái Nguyên-provinsen nord i Vietnam opplevde politirazzia om kvelden den 11. august. Kring 20 kristne, blant dei barn, feira gudsteneste då straumen brått vart slegen av utan varsel og politiet og lokale offentlege representantar kom inn og kravde gudstenesta stogga. Tre kristne vart tekne med til politistasjonen, melder Christian Solidarity Worldwide.

Forbodne baptistar

RUSSLAND: Kristne som høyrer til den uregistrerte baptistkyrkja i Russland, er utestengde frå kyrkja si i Kurgansk i Krasnodar-regionen. Ein domstol forbaud i september i fjor aktiviteten til kyrkjelyden med 600 medlemmer, fram til kyrkjelyden registrerer seg hos styresmaktene. Fleire andre uregistrerte baptistkyrkjelydar er også forbodne, melder Forum 18 News Service.

En krigers reise mot Kristus



*Ahmed var general
i Houthis-styrkene
i Jemen før han
skaffet seg et annet
levebrød og etter
hvert begynte å tro
på Jesus Kristus.
Illustrasjonsfoto:
Shutterstock*

«Da jeg følte jeg ikke orket mer, fikk jeg plutselig lov til å forlate fengselet. Jeg visste at Guds hånd var med i det», skriver Ahmed fra Jemen i dette brevet.

TEKST: AHMED, JEMEN

■ **Jeg ble født** i en religiøs muslimsk familie i Nord-Jemen. Jeg var selv svært religiøs og gjorde alt som var påkrevd. Jeg meldte meg tidlig inn i Houthi-hæren. Da krigen startet i 2015, ble jeg general. Jeg kjempet, drepte og hadde et hardt hjerte.

Men etter hvert som krigen fortsatte, ble jeg desillusjonert. Hvordan kunne muslimer fortsette å drepe hverandre, bare fordi de tilhører en annen muslimsk retning? Jeg forlot slagmarken og åpnet en matbutikk for å ha en annen måte å leve på enn å slåss. Den gangen var det å ha en stilling i Houthi-militsen å regne som en jobb, i dag hadde det vært farligere å ville slutte.

Jeg begynte å søke

En dag hørte jeg noen si at kristne var de som sto muslimer nærmest. Det fikk meg til å begynne å søke etter informasjon om kristendommen på internett. Jeg kom i kontakt med kristne på sosiale medier og fikk mange samtaler. Bergprekenen berørte virkelig hjertet mitt. Jeg tok skritt mot lyset og fikk en drøm som bekreftet at jeg hadde funnet sannheten. Jeg ga livet mitt til Jesus.

Jeg begynte å dele min nye tro med mennene som jobbet i butikken. De lyttet. To av dem ga livet sitt til Jesus. Da kona mi hørte hva vi snakket om, informerte hun familien sin. En morgen forsvant hun med telefonen og laptopen min. En dag dukket politiet opp i butikken. Jeg ble satt i fengsel.

Min kone krevde skilsmisse. Jeg mistet henne, min sønn som jeg ikke har sett siden, bilen, huset, butikken og arven. Ukene i fengselet var fulle av mental og fysisk tortur. Da jeg følte jeg ikke orket mer, fikk jeg plutselig lov til å forlate fengselet. Jeg visste at Guds hånd var med i det. Da familien og naboene innså at jeg ikke hadde ombestemt meg, prøvde de å drepe meg. Jeg måtte flykte og kom til et annet land i Midtøsten.

Lengter etter min sønn

Jeg har bodd i dette landet i noen år. Troen vokser. Det tar tid å bli kvitt gamle vaner, men Herren er tålmodig og nådig. Årene har ikke vært enkle, men det er ingen vei tilbake. Jeg savner sønnen min og håper han har det bra.

For noen måneder siden ble jeg kontaktet på sosiale medier der jeg bruker pseudonym. Mannen spurte om jeg var den og den. Da jeg fortalte ham at ja, det er meg, fortalte han at han hadde lett etter meg lenge. Han var en av naboene mine i Jemen, en som hadde ønsket å drepe meg.

«Men», sa mannen, «da jeg så at du var blitt kristen, begynte jeg å tenke. Hvordan kunne du, som var så religiøs, konvertere til en annen tro? Det må være noe bak. Jeg begynte å lese om kristen tro på internett og kom i kontakt med kristne der. Nå har jeg, sammen med familien, begynt å følge Jesus! Jeg skylder deg en stor takk!»

” **Jeg ble svært oppmuntret, også til å fortsette å dele min tro og ikke skjule den.**

Ahmed

Forfølgelse og frukt

Jeg ble svært oppmuntret, også til å fortsette å dele min tro og ikke skjule den. Selv om jeg har opplevd mye forfølgelse, har Herren latt frukt komme ut av det.

Jeg vet ikke om livet noen gang blir lett, eller om jeg får se sønnen og familien igjen. Men Herren har gitt meg en åndelig familie. Jeg har evig liv og et hjem som venter i himmelen. ■

Ahmed er et pseudonym. Av sikkerhetsgrunner bruker vi ikke hans virkelige navn.

Bjørn Olav Hansen er død

Tidligere redaktør Bjørn Olav Hansen døde 19. august på Gjøvik sykehus. Hansen ble 66 år gammel. Hansen var ansatt i Norsk Misjon i Øst (nå Stefanusalliansen) fra 1991 til 1995. Han var ett år i vikariat som informasjonsleder og deretter redaktør for Ropet fra Øst (nå Magasinet Stefanus) fra 1992 til 1995.

Hansen har satt spor etter seg gjennom sitt store engasjement for forfulgte kristne, sin formidlingsevne og sin dype kjærlighet til kirken – både den lidende og den bedende. Han var en brobygger mellom kirkesamfunn, og en inspirator for mange gjennom sitt liv i bønn, sin forkynnelse og sine bøker og bloggposter. Han var kjent også som forfatter, retreatleder og pastor i Det Norske Baptistsamfunn.

Hansen var særlig opptatt av den tidlige kirkens historie, Østkirkens spiritualitet og ørkenfedrenes liv. Gjennom bøker som Jesusbønnen, Å leve i bønn og En tro verd å dø for, inviterte han leserne inn i et liv preget av overgivelse, stillhet og radikal etterfølgelse av Kristus.

Vi lyser fred over Bjørn Olav Hansens gode minne.



Foto: Hansens Facebook-side.

Quiz om de forfulgte




Sarkis-katedralen i Teheran – og mange andre kirker – skaper inntrykk av trosfrihet for kristne i Iran. Så enkelt er det ikke.

Foto: Shutterstock

Hva vet du om landene Magasinet Stefanus skriver om?

Iran

1. Dagens Iran var sentrum i et verdensrike. Hva het Iran fram til 1935?
2. Hva heter hovedstaden i Iran?
3. Hvilken religion har flest tilhengere?
4. Hvilken hersker ble styrtet i 1979?
5. Hva kalles revolusjonen i 1979? Og hvem ble landets nye hersker?
6. Hva heter dagens øverste leder?
7. Hvilket organ ser til at parlamentets vedtak er i henhold til islam?
8. Hvor mange innbyggere er det i Iran?
9. Mellom september 1980 og august 1988 var det krig mellom Iran og et annet land. Hvilket?
10. På hvilken måte griper Iran inn i dette nabolandets politikk og sikkerhet i dag?
11. Den 14. februar 1989 ble det utstedt en fatwa fra regimet i Iran. Forfatteren Salman Rushdie skulle drepes. Hva var begrunnelsen?
12. Turister i Iran kan se velholdte kirkebygg i flere byer. Hva sier dette om trosfriheten for kristne i Iran?
13. Kristne konvertitter forfølges. Nevn en annen religiøs minoritet som også stemples som fare for «nasjonal sikkerhet»?
14. Hva kalles menighetene som iranske kristne flest samles i?
15. En kristen konvertitt ble i 2010 dømt til døden for frafall (apostasi) fra islam, en dom som senere ble opphevet. Hva heter mannen som ble dømt til døden?
16. Hva heter det mest kjente fengselet der mange konvertitter plasseres – i Irans hovedstad?
17. Praktiserer Iran pisking som straffemetode?
18. En mektig militær organisasjon har som oppgave å beskytte Irans islamske system. Hva heter denne organisasjonen?
19. I juni var det krig mot Israel i knapt to uker. Hvilken avtale har det vært forhandlet mest om mellom vestlige land og Iran?
20. Stefanusalliansen støtter en organisasjon som dokumenterer situasjonen for kristne i Iran og en annen som utdanner ledere i den iranske kirken. Hva heter de?



Skann QR-koden med kameraet i mobilen og finn fasiten.

De som er forfulgt for sin tro, trenger at vi ser!



Få siste nytt fra kampen for trosfrihet i verden, det viktigste fra nyhetsbildet og Stefanusalliansens partnere rett i din e-postkasse. Meld deg på webadressen: kampanje.stefanus.no/brev-for-trosfrihet/ eller skann over QR-koden med mobilkameraet ditt og registrer deg på nettsiden. Du vil motta nyhetsbrevet ca. hver 14. dag. Abonnementet er **GRATIS**, og du kan når som helst melde deg av. **Takk for at du bryr deg om de forfulgte!**

Les den tidligere
Houthi-krigeren
Ahmeds sterke
vitnesbyrd

side 20-21

SULT FORFØLGELSE OG TRO

JEMEN ER I KRISE. Men til tross for sult, kaos og forfølgelse finner stadig flere troen og håpet i Jesus. **Vi kan møte lengselen etter trosfellesskap og hjelpe til i katastrofen! Er du med?**

Katastrofen utspiller seg NÅ. FN rapporterer at 17 millioner mennesker går sultne, og en million barn under fem år lider av akutt underernæring. **Midt i alt dette kommer mennesker til tro.** Når alt rundt rakner, blir håpet og troen på Jesus Kristus enda sterkere! Midt i lidelsen melder vår partner at muslimer kommer til tro på Jesus – ofte på overnaturlig vis. **Undergrunnsmenighetene vokser!**

Mange er ensomme og lengter etter trosfellesskap, veiledning og bibelundervisning. Flere har – i all hemmelighet – kommet i kontakt med hverandre, og små undergrunnsmenigheter etableres i skjul. Matutdeling fra de store organisasjonene har stoppet opp.

Stefanusalliansens partner i Jemen arbeider for å stille den åndelige sulten hos de nye troende. **Med en buss som sentralt verktøy organiserer de hemmelige bønnemøter, smugler inn bibler, underviser og veileder. Matutdeling foregår parallelt.**

PS. Myndighetene slår brutalt ned på kristen virksomhet, men troende forfølges også av sin egen familie. Flere har blitt drept for at familiens «ære» skal gjenopprettes. Jesustro må holdes hemmelig. **Be om visdom og beskyttelse!**

Vil du gi en gave til våre trossøsken i Jemen?

GAVEEKSEMPEL:

Fyll opp bensin-
tanken på bussen
for én dag:

kr 290,-

GAVEEKSEMPEL:

Gi trosopplæring,
ledertrening og
oppfølging av
forfulgte i Jemen:

kr 910,-

GAVEEKSEMPEL:

Oppsøkende
virksomhet til en-
somme og isolerte
kristne i Jemen:

kr 1760,-

v:pps

til **19013**
- merk med:
Jemen



Alle gavestørrelser bidrar til å støtte de forfulgte!